

MASFJORDEN

SENTERPARTI



Kommunen og
innbyggjarane våre

Sp 
_vær folk

Masfjorden Senterparti

Me i Senterpartiet er opptatt av nærleik, og at du skal få vere med å bestemme korleis kvardagslivet ditt skal vere. Det å bu nær dei som fattar vedtaka i kommunen din, gjer at du har større påverknadskraft.

KOMMUNEN OG INNBYGGJARANE VÅRE

Masfjorden er ein flott kommune! Me vil framleis jobbe for å få et godt interkommunalt samarbeid som gjer at Masfjorden vert ein god kommune å bu i. Avstand og tilkomst til tenester meiner Senterpartiet er viktig når ein skal yte gode tilbod i kommunen.

HELSE, OMSORG OG TRYGGLEIK

Innbyggjarane i Masfjorden skal ha ein trygg kvardag i eit godt lokalmiljø. Eldreomsorga i kommunen er god og Senterpartiet vil behalde og styrke dagens ordning. Me vil og oppretthalde ordninga om vidareutdanning og kompetanseløft for kommunen sine tilsette. På grunn av sentraliseringa av politi og ambulanseteneste, vil me arbeide for å styrke brann- og redningstenesta. Me vil jobbe aktivt for å få til BERIVEST, slik at dei frivillige i GMBR får den opplæringa dei har krav på.

Senterpartiet vil og:

- Arbeide for tilbod om kommunal tannlege i nærområdet
- Leggje til rette for at alle nye innbyggjarar som kjem til kommunen vår vert ivaretatt på ein god måte
- Arbeide for at det er nok omsorgs- og utleigebustader i dei tre krinsane

JORDBRUK

Jordbruksarealet i Masfjorden er lite, men viktig. Gardsbruka ligg spreitt, og er det som skapar det fine kulturlandskapet me har i grendene. Senterpartiet ynskjer at det skal bu folk på alle desse bruka, og difor legg me vekt på buplikta som fylgjer med overtaking av gardsbruk. Me vil arbeide for å få til ei ordning med etableringstilskot til dei unge som overtek gardsbruk og buset seg der.

Masfjorden har gode utmarksbeite, og har ein stor og miljøvenleg kjøtproduksjon på sau. Saman med mjølkeproduksjon og kylling blir det mat til mange.

Senterpartiet vil og:

- At den dyrka jorda og beite vert halde i hevd, og nytta til matproduksjon
- Styrke jordvernet ved å hindre at dyrka jord vert nytta til anna enn matproduksjon
- Stimulere til nydyrking med kommunalt tilskot
- Tilskot til kjøp av mjølkekvote for å styrke mjølkebruka, utan aldersgrenser
- Fortsette med skotpremie på rovdyr som det er opna for jakt på
- Styrkje landbrukskontoret

SKOGBRUK

Skogarealet i Masfjorden er relativt store, men med varierende kvalitet og driftstilhøve. Gran som vart planta på 50-60-talet er snart hogstmoden, og ein treng vegar for å få tømmeret ut. Det er ei samfunnssak å investera for framtida og ikkje berre hauste det som andre har skapa. Ein må hugse på at skogen er ein effektiv CO₂ fangar.

Senterpartiet vil:

- Gje kommunalt tilskot til skogkultur som planting for å betre kvalitet og kvantitet
- Gje tilskot til felles avkøyrslar, velteplassar og skogsbilvegar
- Gje tilskot til skogkurs for skuleungdom, t.d. motorsagkurs

SAMFERDSEL, INFRASTRUKTUR OG NÆRINGSLIV

Senterpartiet ser det som viktig å ta vare på dei kommunale vegane, bygningane og uteområda som me eig. Me ønskjer betre og tryggare vegar mellom dei ulike bygdene slik at innbyggjarane kan ta heile kommunen i bruk. Det er også viktig å ha god tilgang på, og oversikt over gjennomgangsbustadar i kommunen.

Me ynskjer å støtte utvikling av nye arbeidsplassar og sikre areal for næringsutvikling, så lenge dette ikkje har negativ påverknad på natur og miljø.

Me vil arbeide aktivt for å behalde Masfjordfjella slik dei er i dag.

Senterpartiet vil:

- Halde fram med å arbeide aktiv for bru over Masfjorden
- Samarbeide inn mot fylkeslaget for opprusting og utbetring av fylkesvegane i kommunen, og få styrka kollektivtilbodet i distriktet vårt
- Arbeide for jamt vedlikehald av dei kommunale vegane
- Auka vaktmeisterteneste i tre krinsane
- Vidareutvikle samarbeidet med GMU
- Vidareføre kommunal medverknad til utbygging i private bustadfelt

SKULE, OPPVEKST OG UTDANNING

Senterpartiet ser det som særst viktig å ha trygge og forutsigbare rammer i skule- og barnehagestrukturen. Me meiner det er viktig at det er trivsel, aktivitet og mangfald i dei tre skulekrinsane.

Senterpartiet vil:

- Arbeide for trygg skuleveg, og gjere av- og påstigingsplassane trygge
- Arbeide for eit godt teneleg barnehagetilbod i dei tre oppvekstområda og sjå til at lokalitetane er gode nok for å oppretthalde fullverdig tilbod
- Behalde MOT-programmet i skulen, og jobbe for fleire felles møtepunkt
- Jobbe mot det nye fylket med tanke på akseptabel reiseveg for elevane våre på vidaregåande skule
- Vidareføre tilbodet om lærlingplassar i kommunen

FRITID, KYRKJE OG KULTUR

- Støtte all form for fysisk aktivitet og idrett, musikk og andre kulturaktivitetar
- Gje økonomisk stønad til det frivillige arbeidet
- Arbeide vidare for fleirbrukshall i nærområde
- Ivareta vidare drift av Bjørn West Museet
- Oppretthalde alle kyrkjebygga i kommunen, bidra til prestestilling i Masfjorden

Senterpartiet sine kandidatar i Masfjorden



FØRSTEKANDIDAT

Lokallagsleder

Geir Egil Haugsvær



ANDRE KANDIDAT

Nestleder

Wenche Dåe

LOKALLAGSSTYRE

<i>Lokallagsleder</i>	Geir Egil Haugsvær
<i>Nestleder</i>	Wenche Dåe
<i>Kasserer</i>	Rigmor Sjøvik
<i>Styremedlem</i>	Jon Terje Sætre
<i>Styremedlem</i>	Vigdis Jorunn Sjøvik
<i>Styremedlem</i>	Rigmor Sjøvik
<i>Vara</i>	Sigmunn Rørvik
<i>Vara</i>	Oddrunn Sætre
<i>Vara</i>	Laila Furebotn

KOMMUNESTYREGRUPPE 2014-2019

<i>Kommunestyre representant</i>	Wenche Dåe
<i>Kommunestyre representant</i>	Geir Egil Haugsvær

Eit levande folkestyre og gode lokalsamfunn skal gje folk tryggleik, kjensla av å høyre til, og identitet. Rettferdig fordeling, små skilnader og sosial tillit heng tett saman. Senterpartiet arbeider for eit samfunn med små sosiale, geografiske og økonomiske skilnader. Rettferdig fordeling oppnår ein gjennom eit levande folkestyre.

FRÅ SENTERPARTIET SIN FORMÅLSPARAGRAF.



Sp  vær folk